Foreldreinfo oktober 2026

FAU/SU

Me har hatt første møte i SU for skuleåret 26/27. De finn referatet her. Her svarer SU ut høring på 5-dagars veke for dei minste elevane, endringar i vedtekter for SFO og Skuleruta for 27-28. Oppvekstplanen har FAU fått i oppdrag å svare ut.

Neste møte i FAU blir 18.11.26



Elevane har sprunge, panta, gått toppturar, arbeidd, selt lodd og laga lapskaus for å hjelpa menneske på flukt.

Til saman samla me inn 103 851 kr til ei veldig god sak.

Tusen takk til alle som har støtta og bidrege til eit flott resultat!

NULLMOBBING.NO – DU HAR RETT TIL Å HA DET BRA

Trykk på knappen for meir informasjon om rettar og plikter etter kap.12 i opplæringslova.

Bestill skulefrukt – trykk på eplet ☺





Den viktigaste karakteren er den ein bygger, ikkje den som står på eit papir. I heim-skule samtalane ønsker me å få bli kjent med føresette og eleven som heilt menneske. De får tilbakemelding både på fagleg ståstad, men og på kven dei er i gruppa, kva dei bidreg med i fellesskapet og kor me ser dei blomstrar. Me ser fram til samtalane, og håper de heime og opplever dei nyttige.

Mvh

Svanhild Gjedrem

rektor

